


# Bokn Bygdablad

Nr. 7 september 2011 – Årg. 26



**VAL**

Slikk gjekk det – s. 3



Helse i kvart kast – s. 4



Ny trusopplæringspedagog – s. 7



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN**





# RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

## Kommune- og fylkestingsvalet 2011

Etter dei tragiske hendingane 22.juli var me spente på i kva grad veljarane ville bli mobiliserte til kommune- og fylkestingsvalet. Frammøtet var litt betre enn tidlegare, men ikkje så bra som mange hadde håpa. Positivt er det likevel at ein negativ trend er snudd. På landsbasis var frammoetet på 63,8 %. Bokn var langt betre med 73,2 %, ein framgang på 4 %. Av 623 røysteføre, møtte 456 på Boknatur valldagen, mens 66 hadde førehandsrøysta. Etter at alle tala var summerete, blei tre jamstore og eit lite parti representerte i kommunestyret.

Som i alle andre kommunar var det også i Bokn hektisk aktivitet og samtalar mellom ulike parti i dagane etter valet. Etterkvar falt brikkene på plass. Posisjonar blei fordelt, mange blei fornøyde, andre blei skuffa. Uansett håpar, og trur eg, at ein samlar den politiske viljen og energien etter konstitueringa i oktober og ser framover. Det nye kommunestyret er samansett av vel kvalifiserte og engasjerte politikarar innstilte på krafttak for boknafelleskapet.

## Kommunale avgifter

Dei siste åra har forfallsdato på kommunale avgifter vore den 30.04 for 1.termin og den 31.10 for 2.termin. På grunn av ei omlegging av faktureringa og problem med ein ekstern tenesteleverandør, blir det for 2011 sendt ut tre reknigar. Dette har tidlegare blitt varsle i Bokn Bygdablad.

Rekninga som blei sendt ut i august var for 1. termin 2011. Rekninga for 2. termin 2011 kjem i november. Økonomiavdelinga reknar med at dei ordinære forfallsdatoane (30.04. og 31.10.) vil bli holdne når problema med ekstern leverandør er løyste.

## TV-aksjonen 2011

TV-aksjonen går i år til Norsk Folkehjelp og deira arbeid med å rydda miner og klasevåpen i ei rekke land i Afrika, Asia, Europa og Midt-Austen. I tillegg skal delar av dei innsamla midla gå til oppretting av minehundar i Norsk folkehjelp sitt eige globale treningscenter i Bosnia-Hercegovina. Norsk Folkehjelp er allereie ei av verdas største humanitære organisasjonar innan minerydding.

Kvar dag blir uskuldige menneske drepne og lemlesta av attliggende miner og klasebomber. Norsk folkehjelp skal bruka pengane frå TV-aksjonen i sju land med mineproble-

lem i Asia, Afrika og Europa. I alle landa skal dei innsamla midla bli brukte til konkrete mineryddingsprosjekt.

Fjerning av miner og klasevåpen vil skapa tryggleik som opnar for gjenreising og utvikling av område som lenge har vore avstengde på grunn av trusselen frå eksplosiva.

Norsk folkehjelp har gitt TV-aksjonen 2011 slagordet "Fra frykt til trygghet". Det er kringkastingssjefen som formelt tildelar TV-aksjonen etter tilråding frå NRK sitt innsamlingsråd. I alt 10 organisasjoner søker om å få tildelt TV-aksjonen for 2011. Norsk Folkehjelp har fått TV-aksjonen to gonger tidligare, i 1983 og 1994.

Bokn formannskap ynskjer å bidra og har løyvd kr. 22 per innbygger, noko som utgjer totalt 18788 kroner til årets TV-aksjon.

Eg vil oppmota alle boknarar om å ta godt i mot bøssebærarane den 23. oktober og bidra med pengar til ei særskilt viktig sak.

Ordføraren

(Sjå også bakerst i bladet ang. TV-aksjonen - red.anm.)



**Bokn Ap og Bokn H har etter årets kommuneval undertekna ein forpliktande avtale for kommande fireårsperiode.**

Samarbeidsavtalen er på ei A4-side og går ut på å koma fram til semje mellom partia i fylgjande store og overordna saker for Bokn kommune:

- Fleirbrukshall
- Barnehage
- Skule
- Bustadomter
- Infrastruktur
- Økonomi

Ordførar og partileiar i Bokn Ap, Kyrre Lin-

## Valteknisk og politisk samarbeid

Jardar Havikbotn



danger, seier til Bokn Bygdablad at Ap og H i Bokn har felles syn på store og viktige saker i kommunen, og at det for dei var meir naturlig å gå inn i ein koalisjon med H enn med Sp, som i alle år har samarbeidt med Ap.

- Ap vil ikkje ekscludera Sp frå samarbeid, og kjem nok til å ha ulike standpunkt med H i enkelsaker, men me ynskjer å finna fram til dei gode løysingane på dei store sakene som er viktige for oss, og her har Ap og H like utgangspunkt, seier Kyrre Lindanger, som nok kan sjå fram til fire nye år i ordførarstolen.

Samarbeidsavtalen fortel også at Ap får tre repr. i formannskapet (inkludert ordføraren).

H får to repr.

H får varaordføraren og tre repr. i forvalningsstyret. Her får Ap to repr.

## Samtalar

Det var H som tok kontakt med Ap i timane etter at valresultatet var klart om kvelden 12. september. Det første møtet hadde dei dagen etter valet, tysdag 13. september. 15. september signerte partia samarbeidsavtalen, og 19. september arbeidde dei fram ein samarbeidsplattform for dei kommande fire åra.

Det høyrer med til historia at Bokn Sp også tok kontakt med Bokn Ap, dagen etter valet, men utan at det førte til møte mellom partia.



## Deltakinga var akkurat lik som ved sist val.

For to år sidan var 35% av dei røysteføre med på soknerådsvalet. Ved årets val sørja 209 personar for at deltagarprosenten blei den same også denne gong.

Soknerådet tiltrer 1. november og skal sitja i fire år.

Oversikt →

## Soknerådsvalet

Jardar Havikbotn



Medlemmer	Stemmer	Varamedlemmer	Stemmer
Anne Tove Øvrebo	299	Ingvild Håland	230
Reidar Alvestad	282	Harry Vågshaug	211
Sonja Mikkelsen	250	Einar Gulbrandsen	205
Sigrunn H. Hosaas	246	Randi S. Are	204
Eivind Øvrebo	241	Heidi Aksdal	198
Ragnhild Trosvavåg	233		



**VAL**

## Kommunestyret 2011 - 2015

Til høgre ser du eit bilde av kandidatkåringa av medlemmer til det nye kommunestyret, som skal ha konstituerande møte tysdag 18. oktober kl. 19.00 på Allrommet, Boknatur 2. etasje.

Frammøteporsenten på 73,22% var 4% høgare enn ved valet i 2007. Det var 66 førehandsrøyster.

### Prosentandel og mandat

Bokn Ap fekk 34,9% av stemmene. Det er 1,5% meir enn ved førre kommuneval. Same mandattal som sist.

Bokn Sp går tilbake 5,5% til 29,6%. Dei mistar med det eitt mandat, til Bokn H.

Bokn KrF går fram 2,6% til 7,9% av stemmene. Same mandattal som sist.

Bokn H fekk 27,6% av stemmene, som også er ein framgang på 1,5%. Dei får også med eit mandat meir enn ved valet i 2007.

Som du kan sjå av tabellen, fordeler dei 17 kommunestyremedlemmene seg slik:

Bokn Ap: 6 mandat  
Bokn Sp: 5 mandat  
Bokn KrF: 1 mandat  
Bokn H: 5 mandat

("Antall slengere" i tabellen er namneoverføringer frå andre lister og "Antall pers.stm" er dei kummuleringane (kryssa) ved dei ulike namna på stemmeheddelen.)



# Kommunevalet 2011

Jardar Havikbotn



## 1145 BOKN RESULTATER - KANDIDATKÅRING

Valgoppgjør kjørt: 12/09/11 kl. 22:39:03  
Ant. stemmeberett: 623 Valgdeltakelse: 73.22% Rapp dato: 12/09/11 kl. 22:40:03

### Tilbake

Kand	Kandidatnavn	Født år	Antall stm.tillegg	Antall pers.stm	Antall slengere	Antall totalt
<b>Det norske Arbeiderparti</b>						
01 x	Lindanger, Kyrre	1975	39.75	93	48	180.75 VALGT
02 x	Faye, Anne S Løvereide	1975	39.75	44	12	95.75 VALGT
03	Hosaas, Arne	1951	0.00	18	4	22.00 VALGT
13	Taraldlien, Ronny	1971	0.00	13	3	16.00 VALGT
04	Høivik, Unni W Wahlgren	1976	0.00	11	2	13.00 VALGT
06	Christiansen, Christine B	1976	0.00	12	1	13.00 VALGT
08	Faye, Marie Løvoll	1951	0.00	10	3	13.00 VARA
09	Solberg, Gunnar Henning	1972	0.00	8	4	12.00 VARA
11	Øvrebo, Bør Åge	1973	0.00	10	2	12.00 VARA
10	Bokneberg, Rita	1966	0.00	8	3	11.00 VARA
12	Ognøy, Solrun Anette	1980	0.00	9	0	9.00 VARA
05	Tollaksen, Odd Kenneth	1988	0.00	3	3	6.00 VARA
07	Hamre, Kjetil Eivind	1968	0.00	4	0	4.00 VARA
<b>Senterpartiet</b>						
03	Nedrebø, Trond Egil	1963	0.00	54	31	85.00 VALGT
01	Våga, Tormod	1970	0.00	53	11	64.00 VALGT
06	Nilssen, Johannes	1961	0.00	21	10	31.00 VALGT
02	Vatnaland, Hanne Marte	1989	0.00	19	6	25.00 VALGT
04	Vatnaland, May Jorunn	1967	0.00	20	3	23.00 VALGT
09	Alvestad, Daghild G	1982	0.00	14	7	21.00 VARA
11	Kro, Anita	1973	0.00	18	2	20.00 VARA
07	Eikje, Emilie Moi	1988	0.00	16	2	18.00 VARA
12	Ognøy, Magne Jordbrekk	1987	0.00	18	0	18.00 VARA
13	Våge, Vilhelm Martin	1992	0.00	12	3	15.00 VARA
10	Lie, Kjell Frode	1975	0.00	12	2	14.00 VARA
05	Våga, Osmund	1969	0.00	10	1	11.00 VARA
14	Bokneberg, Anbjørn	1947	0.00	7	0	7.00 VARA
08	Vågshaug, Harry Leonard	1954	0.00	4	1	5.00
<b>Kristelig Folkeparti</b>						
02 x	Alvestad, Sigmund	1946	9.00	14	8	31.00 VALGT
01 x	Hognaland, Oddvar	1959	9.00	3	3	15.00 VARA
03 x	Lundervold, Anette	1975	9.00	5	1	15.00 VARA
04	Alvestad, Torstein	1977	0.00	9	5	14.00 VARA
05	Gronnestad, Odd Magne	1951	0.00	6	8	14.00 VARA
08	Larsen, Jorunn	1944	0.00	5	2	7.00
06	Blikshavn, Ingrid T	1944	0.00	3	1	4.00
07	Alvestad, Arthur M	1950	0.00	2	0	2.00
<b>Høgre</b>						
01	Norekvål, Lars Arvid	1975	0.00	46	18	64.00 VALGT
02	Olaussen, Ann Jeanette S	1972	0.00	24	6	30.00 VALGT
09	Mikkelsen, Sonja Jofrid	1968	0.00	15	8	23.00 VALGT
08	Våge, Edgar	1962	0.00	19	3	22.00 VALGT
04	Staalesen, Eiliv Lokna	1964	0.00	18	1	19.00 VALGT
16	Alvestad, Onar	1958	0.00	15	0	15.00 VARA
10	Rossebø, Olav Lande	1966	0.00	12	2	14.00 VARA
13	Lund, Tore	1969	0.00	10	4	14.00 VARA
15	Jøsang, Anne Mette	1979	0.00	9	5	14.00 VARA
05	Larsen, Olav Georg	1945	0.00	9	4	13.00 VARA
07	Knutsen, Christian Bottolf	1973	0.00	10	2	12.00 VARA
11	Øvrebo, Einar Tore	1960	0.00	11	1	12.00 VARA
03	Bokneberg, Gunnar Emil	1958	0.00	9	2	11.00 VARA
06	Larsen, Kerstin Ingeborg	1971	0.00	9	2	11.00
12	Jøsang, Kurt	1971	0.00	8	2	10.00
14	Trosnavåg, Martin	1992	0.00	4	1	5.00

# Konfirmant-gudsteneste

Jardar Havikbotn

4. september var det presentasjon av kommande konfirmantar, 50– og 60 års konfirmantar under gudstenesta i Bokn kyrkje.

Dei yngste konfirmantane var også med å visualisera preikenteksten denne dagen, frå venstre: Henry Faltin Våge, Joar K. Øvrebø, Simen Havikbotn, Julie Bokneberg, Ellen G. Johannessen, Sofie Rossebø og Torgils Hognaland.

## 50 års konformantar

Bak frå venstre: Reidar Øvrebø, Jarle Larsen, Arvid Ragnar Søndeland (delvis skjult), Anders Kro, Arne Oddvar Grønnestad, Sigmund Grønnestad (delvis skjult) og Sigbjørn Dagfinn Ellingsen.

Framme frå venstre: Liv Karin (Sæbø) Trosnavåg, Aud Oddbjørg (Helgeland) Ågesen og Margaret (Våge) Ellingsen.



Foto: Ragna Alvestad



Foto: Ragna Alvestad

## 60 års konfirmantar

Frå venstre: Svein Øvrebø, Jens Berdines Økland og Leif Ragnvald Våge.



MED HELSE I KVART KAST, f.v: Peder Alvestad, Kjell Øvrebø, Annbjørn Sunde, Sigmund Alvestad, Sigurd J. Svendsen og Olav G. Larsen.

## Frå det gamle Roma til Bokn; om så i boblejakke!

Tekst: Anne Askeland - foto: J. Havikbotn

På Bokn skal det spelast boccia framover – om så i boblejakke og hanskar. Veret viste seg no likevel frå si beste side då ei gruppe boknarar møttest 29. september for å spela boccia oppå på løpebanen ved skulen. Fleire av dei frammøtte hadde ikkje spela boccia tidlegare, men etter berre få rundar kunne underteknna bekrefte høg grad av progresjon hjå dei alle.

Olav G. Larsen gjekk av med sigeren og på andre plass kom Sigurd Johnny Svendsen. Det vart spela totalt 12 spel.

Boccia er eit kulespel der målet er å kaste kuler og prøve å få desse til å koma nærmast mogleg ein liten målball. Boccia er både sosialt og kjekt og passar for alle, uavhengig av kondisjons- og funksjonsnivå.

Har du lyst til å vita meir om dette tiltalet kontakt folkehelsekoordinator Anne E. Askeland, tlf. 95945908, eller boccia-entusiast Sigurd J. Svendsen, tlf. 95168365.



**20. september var forfattar Lene Ask på skulen i anledning "Hele Rogaland leser".**

Boka hennar, teikneserieromanen "Hitler, Jesus og farfar" frå 2006 er plukka ut til prosjektet "Hele Rogaland leser", og interesserte lesarar kan få boka gratis på biblioteket.

Biblioteksjef Linda Ognøy fortel til Bokn Byggablad at Bokn har fått over 200 bøker, så det skulle vera nok til lesarar som er glad i ei teikneseriebok med humoristisk snert. Boka passar for både unge og vaksne.

#### Allsidig

Lene Ask er ikkje berre forfattar, men også fotograf og illustratør. "Hitler, Jesus og farfar" er debuten hennar som teikneserieskapar. Ho har gitt ut ein teikneserieroman til, og fortel meg at ho jobbar med den tredje.


37-åringen, som er frå Stavanger, men som bur i Oslo, var på skulen heile dagen og hadde ulike opplegg for klassane.

Småskulen fekk til og med sjå og høyra den nye boka "Jo og Jenny i svømmehallen", som skulle lanserast dagen etter i Stavanger, for 60 barnehagebarn. Ho vil laga ein serie med Jo og Jenny, der målgruppa er 3-6 år.

- Ja, eg satsar på å gi ut bok nr. 2 til neste år, avsluttar ein smilande barnebokforfattar.

## Forfattarbesøk

Jardar Havikbotn



Lene Ask med den nye boka si, "Jo og Jenny i svømmehallen", dagen før lanseringa.



#### HELE ROGALAND LESER

Det er fjerde året på rad prosjektet "Hele Rogaland leser" inviterer fylket til eit felles leseprosjekt. Prosjektet er eit samarbeid mellom Sølvberget, Stavanger kulturhus, Rogaland fylkeskommune, LO Rogaland og Næringsforeningen i Stavanger-regionen. Lene Ask si bok "Hitler, Jesus og farfar" blei plukka ut til årets prosjekt.



Juryen meiner boka har mulighet til å nå eit stort publikum, har litterære kvalitetar, samtidig som ho tar opp aktuelle og viktige spørsmål. Ungdomsrepresentant, jurymedlem og superlesar, Eva Elana Saltvedt, seier at boka dessutan er underhaldande og estetisk fin.

- Boka innehold fleire morosame moment som eg trur både unge og vaksne vil kosa seg med.

Lene Ask blei i 2006 kåra til landets beste teikeseredebutant, og fekk den anerkjende Sproingprisen for nettopp debuten "Hitler, Jesus og farfar".

**Boka kan absolutt anbefalast!**

## Sett av 19. des.

Jardar Havikbotn

Då inviterer Anne Tove Øvrebø til julekonsert i Bokn kyrkje med Roger Handeland m/band. Boknakoret skal også vera med.

Den travle kulturskulerektoren er ein av vokalistane i bandet, og fortel til Bokn Byggablad at dei lagar juleplate i desse dagar, og du vil heilt sikkert få høyra musikk frå plata på julekonserten. I tillegg blir det anna julemusikk, også med allsong-faktor.

Bandet, som har sitt utspring i "Team Hanne" frå "Det store korslaget", skal spela kvar fredag og laurdag frå midten av november og fram til jul. Inn imellom å vera Julebord-band på By-scenen i Haugesund, vil dei halda julekonsertar rundt omkring på Haugalan-



Boknakoret (th.) var med på mange songar då Roger Handeland m/band hadde konsert i gymsalen 21. mai i år. Det skal dei også vera i kyrkja måndag 19. desember.

det.

#### "Syng med oss"

Det blir også "Syng med oss" i Auditoriet **6. november**. Her vil også Anne Tove sitt kor medverka, saman med

Barnekoret, som også var med sist Bokn Sanitetsforening arrangerte denne songstunda. Songglade boknarar må også setta av denne datoën.

# Rogalandsrunde 3 i Trial

Tekst: Ragnhild Trosnavåg - foto: Martin Trosnavåg

Lørdag 3. september arrangerte Pluggen Motorklubb den tredje runden av totalt fire i Rogalandsrunden. Her deltok det over 60 deltakere fra seks forskjellige klubber i Rogaland.

De fra 5 til 10 år fikk kjøre oppvisning, og alle fikk pokal som bevis for at de hadde kjørt. Her deltok Stian Øvrebø og Endre Øvrebø fra arrangørklubben. I Rekrutklassen deltok Kristian H. Kristiansen og fikk ein 4. Plass. Sverre Trosnavåg kjørte i RD-klassen og tok 6. plassen der. I D-klassen stilte to lokale håp, og her blei det hjemme seier til Sander Jøsang med Bjørn Ove Jøsang på ein solid 4. plass.

I Kiosken var det salg av grillet laks, hjemmebakt, is, kaffi, brus med mer. Rundt 30 personer stod ute i løypene som seksjonsdommere og klippere. Dette er viktige personer, for uten disse kan vi ikke arrangere løp.

Vi vil takke alle som stilte opp denne lørdagen, både dugnadsfolk og publikum.

## Sammenlagt

Pluggen MK har hatt deltakere på alle fire rundene: Karmøy, Randaberg, Bokn og Vaulali. Det har vært mange



Sander Jøsang vant D-klassen hjemme på Bokn 3. September, og Bokn Bygdablad gratulerer! Her er han i aksjon på Rogalandsrunde 4, Vaulali.

gode presentasjoner. Sander Jøsang fikk en flott 2. plass sammenlagt og Bjørn Ove Jøsang en fin 4. plass.

## NorgesCup

Har også kjørt fire av seks runder i

NorgesCupen. Bjørn Ove begynte med en flott seier på Karmøy i mai. Bjørn Ove, Sander, Kristian, Sverre og Martin har alle vist god kjøring på NorgesCupene.

# Kjempeprestasjon!

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Elise Brændhaugen Bua

**Janne Elin Vatnaland vann sin klasse i Oslo Maraton 25. september.**

Boknaren var suveren i klassen damer 18-22 år. Kanontida på 3 timer, 18 minuttar og 23 sekundar, som gir ein snittfart på 12,76 km/t, var 15, 16 minuttar framfor nr. to. Ikkje nok med det, 19-åringen kom med den tida på 15. plass av 339 damer, og 230. plass av alle dei 1792 som fullførte Oslo Maraton 2011. I resultatlistene står ho utan klubb/sponsor.

I "Kjekt på Bokn"-skjorte blei tida forbtra med over 11. minutt frå fjorårets maraton i hovudstaden, noko som må vera kjempemotiverande og eit flott utgangspunkt for New York Marathon i november.

Bokn Bygdablad gratulerer med den store prestasjonen, og ønsker lukke til i New York!

## Også fornøgd

Den andre boknaren som deltar på lange løp rundt omkring, **Celina**

**Bokneberg**, sprang halvmaraton i Landsby-løpet på Randaberg 17. september. Ho fortel om ei utruleg flott løype, langs mykje sjø.



**SKEISVANG-RUSS 2010 PÅ STARTSTREKEN I OSLO MARATON 2011:** Fv. Morten Øygarden (3:47), Tor Christian Meling (3:55), Janne Elin Vatnaland (3:18), Martin Nessse (3:44) og Nils Haktor Bua (3:50).

Det var andre gong ho fullførte ein halvmaraton, og tida 1.47.22 var nokre sekundar betre enn i Haugesund 28. mai, og heldt til fjerdeplass av 16

damer. Men då hadde ho klart å springa litt feil, og ho hadde vore to tre minutt raskare om det ikkje hadde skjedd. Me gratulerer!

# Endeleg ny trusopplæringspedagog i Bokn

Reidar Alvestad

**Greta Skorpe Elverhaug begynte den 8. august i år i ein 70% stilling som kyrkjelydsmedarbeiter i Tysvær og Bokn. 20% av denne stillinga er avsett til arbeidet med trusopplæring i Bokn sokn.**

Bokn sokn og sokna i Tysværkyrkja er saman om trusopplæringsarbeidet som går under namnet Kyrkjenær. Sjølv om det meste av det praktiske arbeidet i dei ulike årsklassane for Bokn sin del foregår her i kommunen, vil enkelte aktivitetar vera felles med Tysvær sokn eller samla saman med alle sokna i Tysvær. Førebuing og etterarbeid utfører Greta Skorpe Elverhaug på den faste kontorstaden sin der kyrkjeadministrasjonen i Tysvær held til.

Trusopplæringa er for aldersklassane frå 0 til 18 år, sjølv om aldersgruppa 4 til 12 år er Greta Skorpe Elverhaug sine hovudgrupper i Bokn. Det er utarbeidd ein felles overordna plan for trusopplæringa i Bokn og Tysvær, medan kvart enkelt sokn har sin eigen lokale plan for kvart årstrinn.

Invitasjon til dei enkelte aktivitetane og arrangementa i Kyrkjenær blir sendt ut frå medlemsregisteret i Den norske kyrkja. Dersom det er andre på same årstrinnet som ynskjer å delta,

er dei velkomne til det!

Som eksempel på tema for enkelte årstrinn som foregår på denne tida, kan nemnast at 7-åringane som har tema "Takk for skaperverket" som var på Hausttakkefesten i kyrkja den 2. oktober. Den 12. og 13. november er Bibelen tema for 4-åringane. Då er det samling på lørdagen, og utdeling av barnebibel i kyrkja på sundagen. Slik er det ulike tema for dei ulike årsklassane året gjennom.

Greta Skorpe Elverhaug er 41 år og kjem opprinnelig frå Karmøy. I 1995 busette ho og familien seg i Tysvær. Ho har arbeidd i mange år ved Førreskole, og eitt år ved Frakkagjerd barneskole. Ho har med seg mange gode erfaringar frå skulen, som ho vil ha god nytte av i arbeidet ho nå har gått inn i. I 2009/2010 hadde ho også eit vikariat i Førresfjorden menighet. Ho legg vekt på at arbeidet vil bli variert i og med at ho skal ha ulike oppgåver i Bokn, Nedstrand og i Førresfjorden. På dei to sistnemnde stadene skal ho ha hovudområde innafor barn og familie.

Greta Skorpe Elverhaug har alt hatt god kontakt med folk i Bokn som ho etter kvart skal samarbeida meir med i det vidare arbeidet. Ho gledar seg til



Greta Skorpe Elverhaug utanfor Aksdal kyrkje.

det, og kjenner at det er godt å skulle få arbeida i kyrkja. Ho veit at ho gjennom jobben vil møta mange flotte menneske, barn og voksne, og det kjennest meiningsfullt å få vera med å formidla, dela tru og undring, kristne verdiar og fellesskap.

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 7 1991

### BOKNASPEIDARANE - SPEIDAR TIL SJØS

Fredag den 16. august la S/S "ELIDA" ut frå Foresvik med 28 speidrarar og 4 leiarar om bord. Med Joh. 3,16. som rederi og seglmerke med 25 meter høg mast og 500 kvadratmeter seglflate og med passeleg "sprøe" skipper og mannskap, måtte turen verta ein suksess. 25 meter høg mast - 25 meter høg bru over "sundet" - kan nokon ha målt feil? Det gjekk godt. Sjølv om det var ein maskinist som koka, var maten topp. Og "den åndelege føda" i bibeltime og samlingar var ikkje därlegare.

Og du verden, då alle segl var heiste og kulingen frå NV gav fart opptil 9 knop, då trur eg at det var ein (me skal ikkje nevna navn) som bestemte seg for å spørja Ragnhild om å få seg seglbåt.

Det vart og tid til fisking (makrell - lyster - torsk - kvitling) og til bading (jentene bada mest - ingen leiarar bada) og grilling osv.

Den første natta låg me på Halsne. Då sov muligens eit par av speidarane. Klokka fem om morgonen starta makrellfiske frå skipssida. Den andre natta var me fortøyd til eit bratt berg på ei aude øy. Då sov alle.

Ein kjempekule tur var meininger til speidrarar og leiarar (untatt troppleiarar som for det meste låg under dekk med 40 i feber).

Takk til dykk som støttar speidaren med forbøn og på praktisk måte, slik at borna og ungdommane våre kan få slike opplevelsingar.

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

**Dagsenteret slår til igjen!**

Denne gongen serverte me nokre særer utfordrande uttrykk. Med tanke på kor vanskeleg denne runden var, er redaksjonen djupt imponert over i kor stor grad deltarane i konkurransen likevel var i stand til å finna rette svar. Særleg imponert er me for Dagsenteret som jamvel visste å fortelja kven kvednaknauren var for ein.

Eldre boknarar fortel at då dei var små, hende dei blei skræmde med *kvednaknauren*. Det var eit utsyke som budde under kverna, og som gjorde fant med dei som låg og mol korn. Mellom anna kunne dei få steinane til å skjæra seg. Eit "normalisert" namn på *kvednaknauren*, er "kvernknurr". Elles var det moro å sjå at relativt unge folk veit kva *dillene* og *vågsmad* var.

**Så forklaringa til dei førre uttrykka:**

- |                      |   |
|----------------------|---|
| 1. ein kvednaknaur   | eit utriveleg vesen som budde i kverna, sist sett under kverna på Hognaland.  |
| 2. ei påbretla       | noko ein breier på, t.d. eit stoppetepp   |
| 3. eit staffidl      | brukt i uttrykket "An sto så eit staffidl" som tyder "Han sto som eit anna staffelli". Det vil seia ein som var særstaka. Grunntydinga av <i>staffidl</i> er eigentleg                    |
| 4. vågsmad           | ein våg er ein lang staur som blir nytta til å vippa opp store steinar. <i>Vågemad</i> er ein mindre stein som blir lagt under stauren or å få moment til å vippa opp den større steinen. |
| 5. å vera lagabrende | kjøt eller fisk som har fått for lite salt på seg i laken og difor blir øydelagt.   |
| 6. eit snotthodn     | ein sur og vanskeleg person   |
| 7. å vera tioge      | fin og rask, i godt hald, t.d. om fisk  |
| 8. dillene           | tauverk mellom hesten og reiskapen, t.d. for å dra ei harv.   |
| 9. ei hegla          | ein ring til å tre børretauet gjennom, t.d. då ein bar høy inn på ryggen.   |
| 10. ei mokstreloga   | ei luke ein måka kumøkka gjennom  |

**Resultatlista denne gongen var då fylgjande:**

Dagsenteret  
Andor Borgenvik  
Sjukestova

Ni av ti  
Åtte av ti  
Seks av ti

Som me ser, var dei gamle eldst også denne gongen. Nå må dei unge ta seg saman!

Om det ikkje blei full pott denne gongen, er det likevel ingen grunn til å fortvila.

Det er det samla resultatet som tel.

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 15. oktober**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

**Du kan senda inn på fleire måtar:**


MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad  
Boknatur  
5561 Bokn

**MÅNADENS UTTRYKK****Kva betyr...**

1. hättalause
2. å vera klagje
3. å vera køve
4. å oga
5. å sampa seg
6. idle
7. ein sobeleist
8. sådel
9. å ågra på
10. å fly (i fiske)



**Er "sådel" det sama som eit lite hus, det sakkalla "litlahuset"?**

Teikning: BL

# Gratulerer!

**Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08**



**Marielle Alvestad 5 år, 2. september**

Gratulerer så masse med dagen som var, kjære go' jenta vår.  
Masse glad i deg.

**Klem fra storebror William, mamma og pappa :)**



**Noah Hesthammer 3 år, 5. september**

Sende ein forsinka gratulasjon te go' gutten vår.

**Klem Adrian, Martine, mamma og pappa**



**Ingvild Våge 30 år, 14. september**

Jeg vil så gjerne få gratulera mi gode venninne så kjempemye med 30 års dagen.

Hipp Hipp Hurra! Glad i deg!

**Stor klem fra Irene**



**Torgils Hognaland 14 år, 15. sept.**

Gratulerer så masse med fjortis dagen din ;)

**Masse hilsener frå mamma, pappa og Malena**



**Eiril W. Lie 5 år, 19. september**

Hipp hurra for vår lille prinsesse!  
Gratulerer så masse med femårsdagen din. Kjempemasse glad i deg.

**Hilsen Hedda Amilde, pappa og mamma**



**Karoline Hammer 1 år, 22. september**

Me vil gratulere den lille solstrålå vår med ettårsdagen.

**Klem fra mormor og morfar. Casper hilser også :)**



**Karoline Hammer 1 år, 22. september**

Gratulera så masse med dagen din, lille venn:)

**Klemmar fra tante, Adrian, Martine og Noah**



**Line Øvrebø 3 år, 27. september**

Gratulerer med dagen! Endelig er det din tur, du har ventet lenge på det.

**Hilsen Sofie, Stian, pappa og mamma**



**Ida Havikbotn 12 år, 7. oktober**

Gratulera så mye med dagen!

**Klem fra Simen, mor, far og bestemor**



**Karianne Svendsen Sandnes 1 år, 11. okt.**

Gratulerer med ettårsdagen til vår alltidslige godjente.

**Knip og kyss fra mamma og pappa**

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Gnr 11, bnr 54** er solgt for kr 380.000 fra Magne Alvestad til Daghild Alvestad

(16.08.2011)

**Gnr 9, bnr 14, seksjon 3** er solgt for kr 950.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Kvc Invest as

(17.08.2011)

**Gnr 9, bnr 14, seksjon 10** er solgt for kr 835.000 fra Bygg og Kaianlegg as til Frank Bloch Sandved

(17.08.2011)

**Gnr 19, bnr 76** er overdradd for kr 5.000 fra Torleif Jøsang til Trygve Rasmussen

(29.08.2011)

**Kjelde:** Statens kartverk

### Fra barnemunn:

Vitaminer er egentlig lus som de lager tabletter av i en presse. Så setter de til orange farge og gir dem til barn.

Lus du lissom! Har jeg hatt tabletter i håret da? Er det du prøver å innbille deg?

Fordøyelse er noe man gjør i fordøyelsesparker.

Kilde: Internett

# Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva**.

## Oktober

09. Bingo kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps  
**10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**  
**13. Møte i Bokn senior;brukarråd kl. 18.00**  
14. Kino i Auditoriet  
16. Gudsteneste kl. 11.00  
20. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00  
**21. Basar på skulen kl. 10.00, til inntekt for TV-aksjonen 2011**  
22. Auksjon kl. 11.00, arr. Bokn musikkorps  
23. ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00  
24. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00  
26. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00  
**27. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**  
28. Kino i Auditoriet  
**30. Familiespeiding i Loden, hummarfiske. Oppmøte: kai ved Svein Ove**

## November

04. Kulturkved på bedehuset kl. 19.00  
06. Gudsteneste kl. 11.00, Allehelgenssundag  
**06. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30**  
**06. "Syng med oss" i Auditoriet, med Barnekoret og Boknakoret - arr. Bokn Sanitetsforening**  
**07. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**  
11. Kino i Auditoriet

13. Gudsteneste kl. 15.00, Fireårsbok  
13. Bingo kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps  
17. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00  
19. NMS har misjonsmesse på Soknahuset i Tysværvg kl. 11.00  
20. NMS har møte på bedehuset kl. 19.00  
**21. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00**  
**24. Bokn Pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30**  
25. Kino i Auditoriet  
27. Gudsteneste kl. 18.00, Lysmesse/speidarane

## Desember

06. Grautfest på skulen kl. 18.00 for heile speidaren  
08. Soknerådsmøte, Bokn bedehus kl. 19.00  
09. Kino i Auditoriet  
11. Gudsteneste kl. 11.00  
11. Luciafest kl. 18.30, arr. Bokn musikkorps  
18. Juletrefest på bedehuset kl. 15.00 - arr. Sundags-skulen og familiespeidaren  
**19. Julekonsert i Bokn kyrke**  
24. Gudsteneste kl. 14.00  
26. Gudsteneste kl. 11.00  
28. Juletrefest på bedehuset kl. 18.00 - arr. Bedehus-styret og frelsesarmeene  
31. Gudsteneste kl. 16.00

## Formannskap



## Forvaltningsstyre

### Formannskapsmøte 6. september

**Sak 044/11 Søknad om dekning av merforbruk - Bokn Sokneråd.**

**Formannskapet vedtok:** det blei vedtatt at soknerådet får dekka meirutgiftene til bygging av bårehus på kr. 70.165,-. Beløpet vert dekka av reservert løvning.

til TV-aksjonen 2011 med kr 22,- pr innbyggjar pr. 01.07.2011, dvs. kr 854 personar.

### Forvaltningsstyremøte 13. september

**Sak 034/11 Gnr 9 bnr 12 Ingjerd Ellingsen/Augustin Thuestad - utlegging av utriggar.**

**Forvaltningsstyret vedtok:** det blei vedtatt å ikkje godkjenna utlegging av omsøkt utriggar. Forvaltningsstyret ser ikkje at ein kan taka opp saka på nytt før oppsitjarane har arbeid ut samla plan for det indre hamneområdet i Førsvik

**Sak 047/11 Midler til utarbeiding av ny tomtedelingsplan i Knarholmen.**

**Formannskapet vedtok:** I samband med at det skal lagast tomtedelingsplan for næringsområdet i Knarholmen, løver formannskapet kr 50.000,- frå næringsfondet til arbeidet.

**Sak 035/11 Søknad om frådeling av tomt til gardshus, gnr. 3 bnr. 12.**

**Forvaltningsstyret vedtok:** Forvaltningsstyret gjev etter § 12 i jordlova samtykke til at bebygd parsell på gnr. 3 bnr. 12 blir frådelt.

**Sak 049/11 Søknad om tilskott frå næringsfond.**

**Formannskapet vedtok:** å stetta søknaden med 50.000,-.

**Sak 036/11 Meldingssaker.**

**Forvaltningsstyret vedtok:** Meldingssakene blei tatt til etterretning.

**Sak 050/11 Søknad om støtte frå næringsfondet.**

**Formannskapet vedtok:** å stetta søknaden med 30.000,-.

**Sak 051/11 TV-Aksjonen 2011 – Norsk Folkehjelp – støtte frå Bokn kommune.**

**Formannskapet vedtok:** vedtok støtte frå Bokn kommune



# Fungerer demokratiet lokalt/nasjonalt?

Trond Vatnaland

